

RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL KULTURFORMÅL

KULTURTILSKOT

Kven kan søke?

- Frivillige lag, foreiningar, privatpersonar og organisasjonar tilknytt Åseral
- Dersom søkjar er ei lokal foreining som og får tildelt driftstilskot er det ei forutsetning for tildeling at søknaden gjeld eit særskilt tiltak som skil seg klart ut frå foreininga si ordinære verksemd.

Kven kan ikkje søke?

- Lag og foreiningar som får andre faste tilskot av kommunen

Kva må med i søknaden?

- Namn på søker, organisasjonsnummer, adresse, kontaktperson, kontonummer, telefon og epost.
- Digitalt søknadsskjema på kommunen sin nettside skal nyttast.
- Detaljert redegjørelse for planlagt tiltak med tilhøyrande finansieringsplan

Ein kan gje prosjektstøtte til for eksempel

- Utgivelser av litteratur/musikk/film med lokal forankring/interesse
- Spesielle investeringar (eksempel musikkinstrument, utstyr, drakt/uniform)
- Arrangering av kurs (eksempel bunadskurs, matkurs, dansekurs)
- Andre prosjekt
- Ein kan søke om opp til kr 10 000 per prosjekt

Søknadsfrist

Søknadsfristen er 1. november kvart år. Søknader som kjem inn etter fristen vil ikkje bli handsama.

Eining for kultur er ansvarleg for innstilling til HOL (hovudutval for oppvekst og levekår), som i sin tur fattar vedtak.

